



Mykje talent, godt humør og imponerende underhaldarar.

G11-laget til Uskedalen avslutta sesongen med årets viktigaste kamp då dei møtte mødrene sine på kunstgrasbanen onsdag ettermiddag. Fleire av G11-spelarane hadde lova ein knusande siger på førehand. Det medførte at laget sin trenar, Bjørn Olav Tveit, som alltid er roleg og har kontroll, trippa uvanleg nervøs på sidelinja før kampstart.



Sterk siger til disse gutane!!

Det var heller ikkje vanskeleg å sjå at kampviljen gnistra frå spelarane på begge lag før kampen, sjølv om mødrene prøvde å skjula det bak både parykkar og artige utkleddingar. Derimot var dommardebutanten Bjarte Døssland forbausande avslappa, men så har no også han svært god kontroll på lover og reglar. Trur likevel han hadde eit diffust forhold til offside-reglar, og kva no det er, for han pusta letta ut då han fekk vite at G11 til vanleg spelar utan offside.

Kampen var avtala med 8 spelarar på kvart lag, men i nervøsitetsens alvor sende Tveit utpå alle 15 spelarane sine frå start. Kampens sindige dommar oppdaga trenarglippen etter berre 3 minuttars spel, bles i fløyta med god trøkk og fekk orden i rekkjene.

På sidelina var mykje publikum. Deriblant var erfarne talentspeidarar som Tommy Eidsvik og Odd Steinar Arnesen.

- Her er mange talent på begge lag. Mange med mykje fotball i seg, uttalte Tommy då kampen var godt i gang. Og han hadde heilt rett! Også underteikna, som er tidlegare juniorspelar for Uskedalen, let seg imponera! Spelet viste det var svært mykje fotball i begge lag! Derfor var det heilt på sin plass at dommar Bjarte Døssland innførte rosa kort i tillegg til gule og raude. Rosa kort vart tildelt som ei rosande oppmuntring.

- Kriteriet for å få rosa kort er venleik., sa dommaren etter kampen. Han hadde då gjeve rosa kort til Siren Simonnes for eit særdeles fiskt hælspark som nær gav scoring i 1. omgang, og til Janne G. Hjørnevåg for ein kjempeheading etter corner i sluttomgangen. Han trudde og han hadde gjeve rosa kort til Gina Hella Berge-Soldal for ein kjemperedning. Ikkje rart han var usikker på kva redning det kunne vera for ho storspelte mellom stengene offensiv og god som ho var i spelestilen. Underteikna synes også ho burde fått kort då ho raida og trokla seg gjennom heile banen og avslutta med eit godt skot. Berre den knallgode son hennar, Tobias, øydela her med ein kjemperedning! Ho var nok inspirert av Rosendal sin A-keeper Frank Mehl, men i motsetning til Mehl kom ho seg tidsnok tilbake i eige mål.

Kanskje burde Britt Steinsletten også fått eit fortent rosa kort då ho kjempa så den fargerike fjørparykken hennar flaksa?

På sidelinja var det godt oppmøte, og alle kosa seg. Truleg var det fedrene som opplevde spenningen sterkest, og eg fekk inntrykk av at mange av dei var G11-supporterar.

- Det er nok best med gutasiger, for elles vert dei ikkje til å vera i hus med. Dei vert så høge på seg sjølv, sa fleire av mennene då dei let seg imponera av konene sine kunster på fotballbane.

Steinar Haugland viste rutine då han fekk spørsmål om kva lag han heia på.

- Det vågar eg nok ikkje å seia når presso er til stades, var det godt gjennomtenkte svaret.



Ein god pauseprat er viktig!!

Dommeren Bjarte Døssland kom godt frå debutkampen. Han gav rett nok uttrykk for at han kjeda seg litt i slutten på 1. omgang då han kunne tenkt seg litt fleire 'forseelsar'. Han viste derimot imponerende oversikt då han like før slutt gav Linda Jensen direkte raudt kort for det som såg ut som ei takling frå motsett banehalvdel der han som regel befant seg. For ein tubaist var det også imponerende å høyra rytmikken, musikken og crescendoen han fekk fram i fløyta då han bles sluttsignalet. Eg trur han har talent?

Dette var ein kjempekjekk kamp som avslutning på fotballsesongen. Det er ikkje rart gutane er flinke å spela fotball. Eg trur alle saman har det frå mora! Det er også imponerende at alle som er fødd i 2005 og mest alle fødd i 2006, er med på laget. Desse 15 var med på kampen: Marcus Myklebust, Pål Ingmar Haugland, Nicolai Vågen, William Hjørnevåg, Elias Eide, Jonas Hansen, Patrick Stensletten, Sivert Stensletten, Fredrik Haugland, Oliver Enes, Johannes Legland, Anders Haugland, Filip Musland, Olve S. Tveit og Tobias Hella Berge-Soldal. Gutane vann 2 - 1.

Etter kampen vart det servert pizza til gutane og kaffi og kaker til foreldra. Både publikum, heilt sikkert gutane og truleg mødrene håpar på revansjeoppgjær neste haust.



Jubel med pizza, kaker og kaffi etter kampen

Tekst og nett: Thor Inge Døsland.

Foto: Bjarte Døsland/Thor Inge Døsland